

# **Landbruksplan for Vinje kommune**

## **2015 – 2019**

**Vedteken av kommunestyret 17.12.2015, sak PS 15/38**



**Handsaming:** Plan- og miljøutvalet  
Kommunestyret

**02.12.2015  
17.12.2015**

**Innhald:**

<b>1</b>	<b>Innleiring.....</b>	3
1.1	Kva vil Vinje kommune med denne planen? .....	3
1.2	Kopling til kommunedelplanen, tidligare planar .....	3
1.3	Arbeidsprosess og deltaking .....	3
1.4	Oppfølging og rullering .....	3
<b>2</b>	<b>Vinje kommune- kommunefakta .....</b>	4
2.1	Befolkningsutvikling 1995-2004 .....	4
2.2	Landbruket i Vinje 2004.....	4
<b>3</b>	<b>Overordna mål for Vinje-samfunnet.....</b>	
<b>4</b>	<b>Tenesteområde landbruk.....</b>	6
4.1	Utviklingstrekk/viktige kjenneteikn for landbruket i Vinje .....	6
4.2	Positive sider.....	7
4.3	Negative sider .....	7
<b>5</b>	<b>Visjon og mål .....</b>	7
5.1	Visjon.....	7
5.2	Hovudmål .....	7
5.3	Delmål .....	7
<b>6</b>	<b>Tiltak og ansvar for det enkelte delmål.....</b>	8
6.1	Delmål : Sikre rekrutteringa til landbruket i Vinje .....	8
6.2	Delmål : Utvikle husdyrhaldet i Vinje .....	8
6.3	Delmål : Oppretthalde støyldrifta i Vinje.....	8
6.4	Delmål : Ta vare på kulturlandskapet i Vinje ved å sikre og utvikle beiteressursane .....	9
6.5	Delmål : Halde oppe jordbruksarealet i Vinje.....	9
6.6	Delmål : Utvikle utmarksressursane i Vinje .....	9
6.7	Delmål: Auke verdiskapinga i skogbruket i Vinje .....	10
6.8	Delmål : Inn på Tunet .....	10
6.9	Delmål : Møteplass for gardbrukarane.....	10
<b>7</b>	<b>Statistikk .....</b>	11

# **1 Innleiing**

## **1.1 Kva vil Vinje kommune med denne planen?**

Landbruksplanen skal leggje til rette for at både politiske, administrative og økonomiske ressursar blir brukt så effektivt og målretta som mogeleg.

Planen skal leggje føringar for bruk av administrative ressursar, økonomiske ressursar og politisk handsaming.

## **1.2 Kopling til kommunedelplanen, tidligare planar**

Kommuneplan skriftleg del: ..... skal ha eit sterkt landbruk

Kommuneplanens arealdel: ..... i LNF-områda skal omsynet til landbruk, natur og friluftsliv prioriterast. Det er per definisjon ikkje lov med anna utbygging en det som er knytt til stadbunden næring.

Næringsplan for Vinje kommune: ..... næringsplanen omhandlar ikkje landbruk, men vidareforedling av landbruksprodukt er teke opp i planen

## **1.3 Arbeidsprosess og deltaking**

Det blei bruka mykje tid og ressursar på gjeldande plan, ved rulleringa no har ein valt å gjere prosessen enklare.

- Plan- og miljøutvalet vedtok i sak 09/89 å sette i gang arbeidet med rullering av Landbruksplan for Vinje kommune.
- Gjeldane plan blei sendt ut til faglaga i landbruket med oppmoding om innspel til ny plan
- Næringskontoret ”reviderar” gjeldande plan, rettar opp faktadelen og vurderar innspel frå faglaga, og kjem med tilråding til Plan- og miljøutvalet.
- Vedtak i plan- og miljøutvalet
- Vedtak i kommunestyret

## **1.4 Oppfølging og rulling**

Planen bør rullerast kvar kommunestyreperiode. Næringskontoret har ansvaret for den fortløpende oppfølginga av planen.

Næringskontoret skal ved utgangen av kommunestyreperioden rapportere om oppfølginga av det enkelte tiltak i planen.

## **2 Vinje kommune- kommunefakta**

### **2.1 Befolkningsutvikling 1995-2015**

År	Folketal	Utvikling
1995	4 008	
2000	3 869	-139
2005	3 758	-110
2010	3 641	-117
2011	3 661	+20
2012	3 700	+39
2013	3 721	+21
2014	3 723	+2
2015	3 689	-34

### **2.2 Landbruket i Vinje**

Generelt:

- Totalareal for Vinje kommune: 3 106 000 daa
- Fjellvidde: 2 213 000 daa
- Produktiv skog: 190 000 daa
- Verna areal: 841 200 daa

Jordbruk, etter søknad om produksjonstillegg 2015:

- 9 bruk med kumjølk produksjon, 156 mjølkekyr
- 13 bruk med ammekyr, 121 ammekyr
- 14 bruk med mjølkegeit, 1423 mjølkegeiter
- 41 bruk m. sau, 2439 vinterføra sau
- 1 bruk m. eggproduksjon
- 77 bruk m/husdyr
- 15 førprodusentar
- 10 301 daa fulldyrka jord, 981 daa overflatedyrka jord og 2 720 daa innmarksbeite.

Skogbruk:

- Balansekvantum: 35.000 m<sup>3</sup>
- Gjennomsnittleg årleg avverking 1987 - 2014: 23 755 m<sup>3</sup>
- Gjennomsnitts skogareal pr. eigedom 700 da (eigedomar med over 25 daa skog)
- Planting: 108 100 planter i året (snitt 1987-2014)
- Ungskogpleie: 490 daa i året (snitt 1987- 2014)

Årleg verdiskaping i landbruket:

➤ Gjennomsnittleg årleg bruttoverdi tømmer (1987 – 2014)	kr.	7 630 000,-
➤ Mjølk, gjeld ku og geit (2015 tal)	kr.	15 050 000,-
➤ Kjøtt (2015 tal)	kr.	12 900 000,-
➤ Fôrsal (2015 tal)	kr.	620 000,-
➤ Egg (2015 tal)	kr.	1 500 000,-
➤ Produksjonstilskot (eks. pristilskot)	kr.	19 000 000,-
➤ Småvilt (1 kr pr. daa)	kr.	3 100 000,-
➤ Elgkjøt (19 t à 60 kr/kg, 2014 tal)	kr.	1 140 000,-
➤ Fiske (250 000 daa, produksjon 0,5 kg/daa à 40 kr/kg)	kr.	5 000 000,-
<b>TOTALT</b>	<b>kr.</b>	<b>60 940 000,-</b>

### **3 Visjon, verdigrunnlag og innsatsområde for kommunen**

(henta frå Kommuneplan 2007-2019)

#### **Visjon**

*Vinje utfordrar framtida*

#### **Verdigrunnlag**

- *Vinje – eit livskraftig og moderne samfunn tufta på kultur, tradisjonar og utvikling av eigne ressursar.*
- *Ta vare på natur og miljø for seinare generasjonar.*
- *Vidareføre dei rike kulturverdiane og tradisjonane i Vinje og ynskje nye kulturar velkommen.*
- *Ha gode sosiale miljø i kommunen, og omsorg for kvarandre.*
- *Aktive innbyggjarar med engasjement for kommunen sin.*

#### **Innsatsområde**

Identitet      Levekår      Levevegar

## 4 Tenesteområde landbruk

### 4.1 Utviklingstrekk for landbruket i Vinje

Type produksjon	Omfang	Stoda i dag	Merknader
Mjølkeproduksjon ku	Svak nedgang i tal mjølkekyr og i tal bruk med mjølkeproduksjon.	Nokre yngre satsar og investerar, andre legg ned ved generasjonsskifte. Stor trong for investeringar. Produksjonen har auka mykje. Oppkjøp av kvotar frå Telemark.	Kommunale tilskot avgjerande for vidare satsing. Satsingsområde for IBU- midlar.
Kjøtproduksjon på ammeku	Stabilt både i tal dyr og i tal bruk med denne produksjonen.	Overgang frå mjølkeproduksjon til kjøttproduksjon. Noko ny satsing.	Arealkrevjande og gode kulturlandskapsleiarar. Satsingsområde for IBU- midlar.
Mjølkeproduksjon geit	Har blitt færre, men større bruk. Tal geit har truleg ein mellombels nedgang pga. sanering. Fortsatt kjøp og leige av kvote frå andre delar av landet.	ALLE har sanert og fornya driftsapparatet. Fare for nedlegging ved komande generasjonsskifte. Produksjonen har auka.	Ysteriet har trong for geitemjølk av høg kvalitet. Godt fagmiljø..
Sauenhald	Færre bruk. Tal sau går ned. Lite nysatsing.	Vinje er ikkje lengre Telemarks største småfekommune! Stor uvisse om utviklinga vidare. Delar av kommunen er utan problem med rovdyr. Nokon stader konflikt mot turistnæringa og hundehald.	Kontroll på rovdyrbestanden er avgjerande. Satsingsområde for IBU- midlar.
Fjørfehald	Ein ny eggprodusent.	Overproduksjon.	Lite miljø lokalt! Må sjå mot Midt Telemark.
Anna dyrehald	Hest, lama og hjort.		Kulturlandskapspleiere. Utfordring i høve smitte (gjeld lama/alpakka)
Planteproduksjon, for sal	Relativt lite omfang, men noko aukande.	Hovudsakeleg grasproduksjon/rundballar.	Viktig å ha entreprenørar som driv leigepressing og som sel rundballar.
Skogbruk	Tømmerhogsten svingar med prisane. Lågaste hogst på mange år i 2012.	Låge priser. AT-skog står for over 95 % av tømmerhogsten. Plantetalet på veg ned. Ungskogpleie, sterkt varierande.	Viktig å oppretthalde nivået på tilskot. Stimulere «gardsskogbruket».
Utmarksnæring	Vinje har store utmarksressursar i form av jakt og fiske.	Fiske og spesielt småviltressursane er lite nytta. Storviltressursane blir nytta først og fremst av grunneigarane sjølege.	Stort potensiale, men grunneigar organiseringa er for dårlig.
Tilleggsnæringer - handverk, tenesteyting, tradisjonsmat etc.	Inn på tunet, gardsslakteri, produksjon av ost, vidareforedling av kjøt, entreprenørar, opplevelingar.	Stabilt, men strengare krav til hygiene. «Stor» etterspørsel.	Satsingsområde i landbrukspolitikken og for bruk av IBU- midlar.
Gardsturisme og sal av hyttetomter	Tomtesal har stort omfang. Over 4000 hytter er bygde i Vinje. Noko gardturisme og hytteutleige	Har behov for samarbeidsordningar for å unngå konfliktar med tradisjonelt landbruk	

#### **4.2 Positive sider**

Store utmarksressursar som: beite-, fall-, jakt/fiske-, og opplevings/rekreasjonsressursar
Tradisjon for å drive med tilleggsnæringer
Lange tradisjonar for samarbeid
Har fleire verksemder for lokal foredling
Kommunale tilskot til landbruket
Er ein fjellkommune, dvs produkta blir rekna som ”reine”
Menneskelege ressursar og kreativitet

#### **4.3 Negative sider**

Svake og utfordrande rammevilkår
Manglande forståing i sentrale politiske miljø og i media for verdien av kulturlandskap og aktivt landbruk
Bruksstruktur og arrondering
Mykje leigejord

### **5 Visjon og mål for landbruket**

#### **5.1 Visjon**

**Vinje ynskjer eit variera landbruk tufta på lokale naturressursar og tradisjonar, men òg open for nye idear og produksjonar.**

#### **5.2 Hovudmål**

**Auka lønsemd, produksjon, auka tal bruk i drift, betre rekruttering og busetjing i det tradisjonelle landbruket**

**Auke etableringsaktiviteten for tilleggsnæringer**

#### **5.3 Delmål**

*Vinje kommune skal gje god fagleg rådgjeving til landbruket. Næringskontoret skal etablere kontakt med eksterne kunnskapsmiljø til nytte for landbruksnæringa. Næringskontoret skal samarbeide med lokale faglag og legge til rette for fagleg oppdatering hjå brukarane. Næringskontoret skal aktivt orientere om aktuelle tilskottsordningar, fristar for desse og dei til einkvar tid aktuelle satsingsområde slik at næringa kan utnytte dei så godt som råd. Delmåla og tiltaka i planen blir førande for arbeidet på næringskontoret.*

	<b>Delmål (ikkje i prioritert rekkefølgje)</b>
•	<i>Sikre rekrutteringa til landbruket</i>
•	<i>Utvikle husdyrhaldet</i>
•	<i>Oppretthalde støyldrifta</i>
•	<i>Ta vare på kulturlandskapet i Vinje ved å sikre og utvikle beiteressursane</i>
•	<i>Halde oppe jordbruksarealet</i>
•	<i>Utvikle utmarksressursane</i>
•	<i>Auke verdiskapinga i skogbruket</i>
•	<i>Inn på tunet</i>
•	<i>Møteplass for gardbrukarane</i>

## **6 Tiltak og ansvar for det enkelte delmål**

### **Delmål : Sikre rekrutteringa til landbruket i Vinje**

Tiltak	Ansvar
Sikre landbruksvikarordninga og tilgangen til dyrlege i kommunen/regionen.	Kommunestyret

### **Delmål : Utvikle husdyrhaldet i Vinje**

Tiltak	Ansvar
Stimulere ku- og geitehaldet i Vinje. Stimulere til kjøpe av mjølkekvetar, for ku og geit. Legge til rette for vidare nyetableringar med mjølkeproduksjon.	Faglaga, Ordførar og kommunestyre. Næringskontoret
Stimulere sauehaldet i Vinje.	Næringskontoret, faglaga
Stimulere storfehaldet i Vinje.	Næringskontoret, faglaga
Stimulere småskalaproduksjonen i Vinje med utgangspunkt i gardens ressursar.	Næringskontoret, faglaga

### **Delmål : Oppretthalde støylsdrifta i Vinje**

Tiltak	Ansvar
Arbeide for å auke tilskottssordningane til støylsdrift	Ordførar, kommunestyre, faglaga
Legge til rette for å oppretthalde ein god infrastruktur og bygningsmasse for å sikre leveringa av mjølk frå støylsdrift. Kommunale tilskott bør løyvast ved investeringar.	Sau - og geitalslag og Næringskontoret
Stimulere til etablering/utviding av beitelag.	Næringskontoret

**Delmål : Ta vare på kulturlandskapet i Vinje ved å sikre og utvikle beiteressursane**

Tiltak	Ansvar
Fremje beiting. Utarbeide ordning med ”ryddedyr” som kan brukast rundt i bygda der det ikke er husdyr	Faglaga
Hjelpe til med å få tilskott til beiting i kulturlandskap og syte for god informasjon om ”økonomiske fagmidlar i landbruket” ordningane hjå fylkesmannen/kommunen	Næringskontoret
Ferdigstille beitebruksplanen Utarbeide retningsliner/råd for tilhøve til turistutbygging	Næringskontoret, faglaga, grunneigarlag

**Delmål : Halde oppe jordbruksarealet i Vinje**

Tiltak	Ansvar
Konsekvent streng handheving av lovverk for bu- og driveplikt i Vinje kommune	Kommunestyret, plan- og miljøutvalet, Næringskontoret
Kommunen skal stimulere til nydyrkning og grøfting av gammelt jorbruksareal, gjennom bruk av tilskot.	Faglaga og Næringskontoret

**Delmål : Utvikle utmarksressursane i Vinje**

Tiltak	Ansvar
Legge til rette for samarbeidsordningar i utmark	Skogeigarlaget, Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget Grunneigarlag Sau- og geitalslag
Legge til rette for næringsmessig utnytting av jakt- og fiskeressursane i kommunen.	Næringskontoret i samarbeid med grunneigarar og faglaga

### **Delmål : Auke verdiskapinga i skogbruket i Vinje**

<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>
Sette fokus på skogsbilvegane m/velte- og snuplassar. Opprusting/årleg vedlikehald.	Næringskontoret
Utnytte tømmerstokken lokalt i Vinje ved å: - utnytte kvaliteten seint vaksen gran - få arkitektar og byggħerrar til å nytte lokale kvalitetar, skikkar og tradisjonar - stimulere «gardssagbruka» til å nytte lokalt råstoff - stimulere til lokal bruk av det «mindreverdige» trevirket, flis- og strøproduksjon	Skogeigarlaget og Næringskontoret
Planting, ungskogpleie og tynning må prioriterast og støttast for å auke skogverdien.	Næringskontoret, Skogeigarlaget
Stimulere «gardsskogbruket». - tilskot til bruk av hest - tilskot til motormanuell tømmerhogst - tilskot til etablering av skogringar	Næringskontoret, Skogeigarlaget


### **Delmål : Inn på Tunet**

<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>
Legge til rette for satsingar innanfor Inn på Tunet.	Næringskontoret, faglaga, kommunestyret



### **Delmål : Møteplass for gardbrukarane**

<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>
Vidareføre møteplass (ar) for gardbrukarane i kommunen.	Næringskontoret, faglaga


## 7 Statistikk




### Jordbruket i Vinje




### Tal mjølkebønder








### Tal mjølkekryr




### Tal ammekyrbønder








## Skogbruket i Vinje



Kjelde: Omr  detakst 2006-2007



Kjelde: Områdetakst 2006-2007

